

**Aconcagua lokkar igjen**

03.10.2013

**Morten Nilsen, med sterke røter her i bygda og tidlegare sjef for Systrene Nilsen, held fram som tidebestigar. Han samarbeider med 4 brør frå Nepal med fjell i blodet og melder no om planlegging av nye turar til Aconcagua, Det er den høgaste toppen på dei amerikanske kontinenta med sine 6962 meter og Morten har vore der fleire gonger. No satsar dei på ein tur i november og ein i desember og januar. Interesserte kan ta kontakt med han eller ekspedisjonsleiar Håkon Hesselberg på [hhesselberg@me.com](mailto:hhesselberg@me.com).**

Morten traff to av brørne i 2009 under den første turen hans til Nepal og Himalaya. På 4 veker fant dei tonen og har halde kontakten vedlike seinare.

Etterat Pasang Sherpa hadde vore i Uskedalen på jobb- og ferieopphald sommaren 2011 bestemte Morten og brørne seg for å starta eit samarbeid for å få fleire med på turer til Nepal.

Morten har no vore på mellom andre Pisco, Parinacota, Sajama, Aconcagua, Island Peak og Ama Dablam.

Under Festidalen i haust heldt han eit fengslande føredrag om korleis det er å vera fjellgal

Den andre Pasang i teamet har vore 3 gonger på Mount Everest

Av Ola Matti Mathisen